

Noregs Mållag, 31.08.2026

Noregs Mållag takkar for høvet til å kome med innspel til arbeidet i lesekommisjonen. Det viktigaste innspelet vårt er at nynorsk må vere ein innlysande og fullt integrert del av alt lesearbeid på alle nivå. Born og unge som lærer nynorsk, må få ein lesekvardag som gjer dei til trygge nynorskbrukarar og eit litteraturtilbod som ikkje står tilbake for det bokmålselevane har. Nynorsk i skulebiblioteka må difor prioriterast, og tiltak for meir lesing på nynorsk i barnehagen og skulen må få støtte.

Skal fleire born og unge lese, må dei få møte bøker dei kan kjenne seg att i, som interesserer dei, og som er på språket deira. For nynorskelevane er dette særleg viktig. Det finst færre bøker på nynorsk enn på bokmål, og dagens støtte- og innkjøpsordningar sikrar ikkje eit breitt nok nynorsk litteraturtilbod. Me vil difor òg peike på ein heilt avgjerande føresetnad for å betre tilgangen på nynorsk bøker for born og unge: Innkjøpsordningane må innrettast slik at det vert enklare for forlaga å gje ut litteratur på nynorsk for born og unge.

Eit løft for lesing må vere eit løft for nynorsklesing, og me bed lesekommisjonen om å halde nynorskperspektivet høgt i tilrådingane sine til barnehagane og skulane, lokale styresmakter lærarutdanningane og tilbydarar av etter- og vidareutdanning.

Øyremerkte midlar til nynorsk i skulebiblioteka

Skulebiblioteka er heilt sentrale dersom me skal få fleire born og unge til å lese, men dagens ordningar sikrar ikkje eit godt nok språkleg mangfald i skulebiblioteka.

I dag er det i stor grad slik at bøker som skulebiblioteka får gjennom støtteordningane, er bøker som er kjøpte inn gjennom Kulturdirektoratet sine innkjøpsordningar. Det betyr at mykje litteratur som ikkje er omfatta av desse ordningane, heller ikkje når fram til skulebiblioteka.

Eit godt døme er Leseland-serien, med kring 100 titlar på nynorsk. Desse bøkene fell utanfor ordninga, sjølv om dei er særleg relevante for born som skal lære å lese. Konsekvensen er at skulebiblioteka ved nynorskskular kan få ein stor del av tilveksten sin på bokmål.

Noregs Mållag meiner difor at skulebiblioteka, særskilt ved nynorskskular, må få øyremerkte midlar til innkjøp av nynorske bøker. Det vil gir elevane tilgang til eit langt breiare utval litteratur på nynorsk, også bøker som ikkje kjem inn gjennom dei nasjonale innkjøpsordningane.

Til dømes har Bergen kommune, som har både nynorskskular og bokmålsskular, i fleire år hatt ei eiga søknadsordning for skulebiblioteka, med innkjøpsmidlar til bøker på nynorsk. Ordninga har vore populær og sikra at elevane i heile kommunen har hatt lett tilgang på dei mest ettertrakta nynorsk bøkene. Slik har kommunen

sjølv teke eit aktivt grep for å gi borna eit godt utgangspunkt for å bli trygge i å lese på nynorsk.

Ei slik ordning vil dessutan kunne ha ein positiv effekt på sjølve bokproduksjonen. Dersom forlaga veit at det finst midlar til innkjøp av nynorske bøker ved skulane, blir det tryggare å satse på nynorske seriar, lettlesbøker og annan litteratur som elles kan ha ein usikker marknad.

Prioritere lesing på nynorsk i skulen

Det er viktig å sikre gode vilkår for å gje ut litteratur for born og unge på nynorsk, men det er òg viktig at det vert satsa på nynorsklesing i skulen. Slik kan elevane få gode møte med nynorsk, anten det er hovudmålet eller sidemålet deira.

Noregs Mållag meiner at ein heilt sentral del av lesesatsinga må vere lesing på nynorsk. Det må satsast meir på leseaksjonar og lesekampanjar som synleggjer nynorsk litteratur, betre formidling av nynorske bøker til skular og lærarar, og styrking av til dømes Nynorsksenteret sitt arbeid med lesing og nynorsk. Slik kan ein leggje betre til rette for at lærarar kan finne og bruke gode nynorske bøker i leseopplæringa. Eit løft for lesing må vere eit løft for nynorsklesing.

Det er òg svært viktig at denne tematikken vert tematisert i lærarutdanningane, slik at framtidige lærarar i både barnehage og skule får kunnskap om korleis dei kan møte born og unge sitt behov for å få lese og bli lesen for på språket sitt.

Styrkje innkjøpsordningane

Skal ein lukkast med ei lesesatsing på nynorsk, er det òg avgjerande at det vert gjeve ut fleire bøker på nynorsk, og at det vert omsett fleire bøker til nynorsk. Innkjøpsordningane er såleis eit av dei viktigaste verkemidla staten har for å sikre eit breitt litteraturtilbod, og for å sikre meir litteratur på nynorsk. Det er mange grep som kan takast for at det skal bli lettare og meir føreseieleg å gje ut litteratur særleg for born og unge på nynorsk.

Automatisk innkjøpsordning for nynorsk sakprosa

Noregs Mållag meiner det bør opprettast ei automatisk innkjøpsordning for nynorsk sakprosa for born og unge, etter modell frå den automatiske innkjøpsordninga for skjønnlitteratur.

Dagens ordning gjer det økonomisk risikabelt for forlag å utvikle nye prosjekt. Forlaget må i praksis ferdigstille og trykkje boka før det er avklart om ho blir kjøpt inn. Det gjer at forlag kan la vere å setje i gang prosjekt som dei elles ville ha realisert. Ei automatisk ordning, der ferdig PDF kan sendast inn til vurdering før trykking, vil redusere risikoen og kunne føre til at fleire prosjekt blir realiserte.

Gjere det meir lønsamt å omsetje til nynorsk

Omsett litteratur er ein viktig del av litteraturtilbodet til born og unge. Samstundes

er det i dag svært få store forlag som gjev ut omsette barne- og ungdomsbøker på nynorsk.

Det finst ei innkjøpsordning for omsett litteratur, men satsane og utforminga av ordninga gjer at det kan vere lite økonomisk attraktivt å omsetje til nynorsk. Det er ikkje nok å ha eit formelt høve til å gi ut ei bok på nynorsk. Rammevilkåra må vere slik at det faktisk løner seg for forlaga å gjere det.

Støtte til nynorsk serielitteratur og teikneseriar

Serielitteratur og teikneseriar kan vere viktige inngangar til lesing, særleg for born som ikkje les mykje frå før. Samstundes fell mykje slik litteratur utanfor dagens innkjøpsordningar, og produksjonskostnadene kan vere høge.

Noregs Mållag meiner difor at det bør opprettast målretta støtte til serielitteratur på nynorsk, og at støtteordningane for teikneseriar må styrkjast og tilpassast dei reelle produksjonskostnadene.

Dette vil kunne styrkje nynorsk litteraturproduksjon og gi fleire born tilgang til bøker tilpassa ulike lesealdrar, lesenivå og interesser.